

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
20.08.2024 24/7306- 17 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
17/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	27.08.2024

Drøftings sak - deltaking med arrangement i Arendalsuka 2025

Vestlandsrådet - arbeidsutval 27.08.2024 - sak 17/24

Behandling

Vedtak:

Arbeidsutvalet vedtok at administrasjonen skal utarbeide vedtakssak til møte i Vestlandsrådet 10. september 2024.

Innstilling:

Saka leggest fram utan innstilling.

Bakgrunn

Vestlandsrådet har hatt arrangement under Arendalsuka både i 2023 og 2024. Begge arrangementa har hatt godt besøk og fått gode tilbakemeldingar frå både innleiarar og deltakarar.

Men felles for dei nemnte åra er at vi har vore seint ute med avgjerd om deltaking, og ulemper knytt til dette. Dette gjeld mellom anna stad og tidspunkt for arrangementa, booking av innleiarar mv.

Prosjektleder for næringsstrategien Iver Jan Leren vil i møtet innleie om erfaringane frå 2023 og 2024, og orientere om moglege alternativ for 2025 og viktigheita av å bestemme eventuell deltaking så tidleg som mogleg.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør